



KOPI

Alver kommune
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Dykkar ref.:

Vår ref.:
21/1265 - 8 / ANT

Dato:
13.06.2022

Lindås kap - spørsmål til søknad om deling - gbnr 156/10 - Austrheimsvegen i Austrheim kommune-Svar

Me viser til dykkar siste skriv datert den 09.02.2022. registrert hjå Austrheim kommune den 15.03.2022. De skriv følgjande:

Vår dato: 09.03.2022
Deres dato: 12.12.2021
Vår ref.: 19/1423 - 12 / fip
Deres ref.: 21/9909
Merk:
Gradering:

romer.t

Lindås kap - Spørsmål til søknad om deling - Gnr 156 bnr 10 - Austrheimsvegen


Viser til brev fra dere vedr spørsmål til innsendte deling.

Ovf ønsker og kun fradele boligtomten med tilhørende infrastruktur ihht til søknad.

Fulldyrka areal mv er kontraktsfestet på utleie.

Dette er ei delingsøknad som normalt ikkje vil få løyve til deling etter jordlova. Ein delingsøknad her er og i strid med LNF-området sitt arealføremål som er landbruk. På denne garden er det buplikt og driveplikt. Det er ikkje mogeleg å bu her utan bustadhus, det skal det vera på alle landbrukseigdeomar som det er buplikt på.

Å søkja om deling her er ei dispensasjonsak etter plan- og bygningslova. Ynskjer de å få realiteshandsama søknaden dykkar om deling og betala alle gebyr i saka så gi oss tydeleg beskjed om me skal handsama dykkar søknad eller ikkje. Kostnadar for handsaming etter jordlova er kr. 2.100 og søknad om dispensasjon til deling kr. 15.100. Så litt faktaopplysingar på følgjande sider og viktig informasjon til dykk.



Landbruksarealet til eigedomen er vist over, fulldyrka areal 57,5 dekar

Til orientering så hjelper det ikkje noko for jordlovshandsaminga si delingsak at de leiger ut det fulldyrka landbruksarealet og at dette er kontraktsfesta. Detet er heller ikkje noko god nok grunngeving for å kunne gjeva dispensasjon til deling her av bustadhuset på garden.

Austrheim kommune viser elles til tidlegare svar frå Austrheim kommune/Alver kommune sitt landbrukskontor datert den 12.12.2021. På neste side kan de lesa kva dei skriv i saka. Dei skriv følgjande:



KOPI

Austrheim kommune
Sætre marka 2
5943 AUSTRHEIM

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/9909 - 21/84011

Saksbehandlar:
Laila Bjørge
laila.bjorge@alver.kommune.no

Dato:
12.12.2021

Spørsmål frå landbruksavdelinga til delings sak - gbnr 156/10 - Austrheimsvegen

Landbruksavdelinga i Alver har ansvar for landbruksforvaltninga i Austrheim kommune. Me har fått oversendt søknad om deling på gbnr 156/10 til handsaming etter jordlova.

Gbnr 156/10 er ein landbrukseigedom registrert med 59,2 daa fulldyrka areal, 0,3 daa overflatedyrka jord og 10,7 daa innmarksbeite. I tillegg er det skop og utmark til eigedomen som har eit samla areal på 197,8 daa. I høve til jordressursar er dette ein ganske stor eigedom på våre kantar og ved ei eventuell konsesjonsbehandling ville det vera naturleg å setja vilkår om buplikt.

Det er svært sjeldan at det vert gitt løyve etter jordlova til å dela frå det einaste bustadhuset frå landbrukseigedomar av denne storleiken, utan at resten av jord og skogareal vert seldt som tilleggsjord til bruk i aktiv drift.

Me vil difor be om tilbakemelding om det her berre er tale om frådelling av bustadhuset eller om det er tankar om å avhenda resten av eigedomen. I så fall vil det vera ein viktig opplysning i samband med jordlovshandsaming, eventuelt kan det setjast som vilkår for samtykke til deling.


Med vennleg helsing
Alver kommune, Landbruk

Laila Bjørge
Avdelingsleiar


Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til: Austrheim kommune	Sætre marka 2	5943	AUSTRHEIM
Mottakarar: Opplysningsvesenetes Fond	p.b 535 Sentrum	0105	OSLO

Dersom de ynskjer å selja/avhenda landbruksarealet som tilleggsjord til aktive bønder i området så er det viktig informasjon for Austrheim kommune. Då kan kommunen setja det som vilkår i delingsaksa. Det er sjølvsagt naturleg med signert kjøpekontrakt her i samband med delingsøknaden. I dette området som denne landbrukseigedom er på så, kan det vera naturleg å selja til nabobruk/naboeigedom som er i aktiv bruk i nærleiken, som til dømes gbnr. 156/11,13 (ein eigar) og/eller gbnr. 156/4,82,169 (ein anna eigar). Gjerne ein part kvar til begge eigedomane.



Gbnr. 156/11,13 (ein eigar) og/eller gbnr. 156/4,82,169 (ein eigar)



Her ser de dei aktive gardsbruka i drift som er i nærleiken eller som grensar til dykkar eigedom gbnr. 156/10

Gi elles beskjed om de vil at me skal realitetshandsama dykkar delingsøknad slik den ligg føre. Ta gjerne kontakt om de har spørsmål i saka med avdelingsleiar landbruk Laila Bjørge 95735405 eller underteikna 41651463.

Med helsing

Asbjørn Nagell Toft
avdelingsleiar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur

Kopi til:

Alver kommune

Postboks 4

5906

FREKHAUG

Mottakere:

Opplysningsvesenets Fond

Postboks 535 Sentrum

0151

OSLO